

## Referat Voss Reiselivsråd

Dato: 11.12.2024

Stad: Elva Hotel

Tid: 08.30 -13:00

Til stade:

Frode Solbakk (Voss Active), leiar Voss Reiselivsråd

Jonas Bauer, (Voss Resort)

Tor Andre Villmones (Scandic Voss)

Øystein Ormåsen (Wild Voss)

Tine Schjønhaug Kjosås (Hardanger og Voss museum),

Helene Bjørnø (Norway´s Best)

Erik Fleischers Tønjum (Fleischer´s Hotel AS)

Gry Bystøl (leiar Visit Voss)

Fråfall: Berit Lunde (Park Hotel Vossevangen)

### Foreløpig «resultat» og oppsummering av organiseringsprosessen – med Ståle Brandshaug

- Ståle presenterte sine anbefalingar for vegen vidare, oppsummeringa ligg vedlagt dette referatet.
- Reiselivsrådet og administrasjonen vil nytte tida fram mot medlemsmøte i februar/mars på å bearbeide det som har kome fram i prosessen. På medlemsmøte vert det ein presentasjon for alle medlemmer, etterfylgd av diskusjon.
- Reiselivsrådet har konkludert med at ein ikkje aukar medlemsbidraget på noverande tidspunkt, men ein må sjå på makstaket for medlemsbidrag og lage ei trappetrinnsløysing her.
- Reiselivsrådet ynskjer at arbeidet i Visit Voss skal spissast, blant anna ved at medlemmer skal få tilbod om å delta i konkrete kampanjeaktivitetar og satsingar i regi av Visit Voss.
- Reiselivsrådet ynskjer å sjå nærare på ei felles B2B satsing, kor ein også tilsett ein seljar. Dette vil koste om lag 1,3 millionar i året. Nokre bedrifter i reiselivsrådet er meir interessert i ei slik satsing enn andre. Det vert difor sett ned ei arbeidsgruppe kor dei som er mest interessert i ei slik satsing ser på mogleg finansierings- og organisasjonsmodell.

### Bedriftsportalen og samarbeid kring MICE satsinga vidare

- Reiselivsrådet hadde invitert Ekstremsportveko og Sprilt til å delta på denne bolken
- Hovud misjonen til portalen er å samle heile breidda av tilbodet på Voss, vise spekteret av det Voss kan tilby, samt konkrete løysingar. Skape ein ide om kva som er mogleg å gjere på Voss for ei bedrift.
- Det er framleis noko uavklart korleis fordelinga av potensielle nye kundar skal skje mellom bedriftene bak portalen, samt korleis innsal og marknadsføring skal gjerast.
- Vegen må bli litt til medan ein går her, og avklaringar må gjerast etterkvart som fleire bedrifter vel Voss, men nokre hovudpunkt vart ein einige om i møte:
- Store grupper må gjerast i fellesskap, små grupper ynskjer bedriftene, representert i reiselivsrådet, i hovudsak framleis å handtere sjølve.
- Ekstremsportveko og Sprilt ynskjer i samarbeid å vere lokal prosjektleiing, når det trengst koordinering til større event.

- Ekstremsportveko og Sprilt vert kontaktpunkt ved spektakulære «Vossaevent», og event av ein slik storleik at ein må kople saman to eller fleire hotel for å få nok kapasitet.
- Voss Active ynskjer framleis å pakketere og selje bedriftsopplegg kor aktivitetar og aktivitetsmeny er kjerneproduktet.
- Norway´s Best vil framleis handtere reine Myrkdalen event.
- **Sjølve portalen skal gjerast litt om på, den skal spissast, slik at det vert endå tydelegare at dette er eit utstillingsvindauga for å få store grupper til Voss. Bilde og tekst må vise større grupper, og kva me kan få til på Voss for dei større gruppene!**
- Det er vanleg i bygda ved fellesprosjekt at dei som «organiserer» får 10% provisjon av dei andre. Vidare at ein fakturere felles, men at hotella gjerne fakturere direkte.
- Reiselivsrådet oppmodar Ekstremsportveko og Sprilt til å kome med eit konkret forslag til korleis dette med provisjon og andre økonomiske forhold, skal løysast når Ekstremsportveko og Sprilt tek prosjektleinga.
- Visit Voss administrasjonen lagar eit forslag til korleis me justerer portalen og sender ut. NB send bilete av større grupper om de har!
- Visit Voss administrasjonen ynskjer innspel til korleis me best mogleg kan marknadsføre portalen og det me kan tilby på Voss! Må lagast ein eigen marknadsplan.
- Deltaking på årskonferansen til Bergen Næringsråd og frukostmøte for næringslivet i Bergen 22. januar er fyrste steg i marknadsføring av Voss mot bedriftsmarknaden.
- Referanseprosjekt bør inn i portalen.

### **Ordinere saker**

#### **07-24: Vintersatsing (primært UK)**

Visit Voss administrasjonen presenterte eit forslag til felles satsing på UK; B2C kampanje og satsing på «skicharter» til Voss .

- Gjennom NHOS har Voss Resort/Norway´s Best køyrt 19 visningsturar for TO i 2024, samt nokre presseturar
- I vintersesongen 2024/2025 gjennomfører ein saman med Ski Safari ei satsing (50 seter per veke i 14 veker). Salet har vore veldig godt! Det har også skapt interesse for Voss hjå andre operatørar.
- Dette gjev grobotn og interesse for å få ein «skicharter» til Voss skisesongen 2025/2026.
- Operatørane som er aktuelle ynskjer at Geilo skal vere med i pakka, eit breitt tilbod lokkar gjestene.
- Reiselivsrådet er svært positive til ei slik charter satsing, og vil jobbe saman med Voss Resort og Norway´s Best for å få «skicharter» til Voss skisesongen 2025/2026!
- Aktivitetane i tillegg til ski og hotel må seljast lokalt til charter gjestene når dei har kome hit. Aktivitetstilboda må forplikte seg til å ha ope til fast tid i dei 16 vekene. Det må lagast vekerprogram for å synleggjere kva dei kan oppleve i tillegg til ski.
- Finansieringsmodellen vert truleg 20% til Geilo, 80% på Voss. Fire-deling på Voss sine 80% med VR, NB, Hotella og VV.

#### **08-24: Høyringssvar til forslag til Lov om besøksbidrag**

Visit Voss administrasjonen samanfattar punkta som kom inn i møtet. Høyringssvar på vegne av Voss Reiselivsråd og Visit Voss er lagt ved som vedlegg.

---

NB dei to siste sakene gjekk ut, og vert tekne opp at i møte i januar 2025.

**09-24: Kompani Lauritzen og Tropp innspeling 2025/2026**

Ny kontrakt for tredje år av innspelinga skal ikkje signerast før mai/juni 2025, men me bør allereie no bestemme oss for om me er interessert i å bli med det tredje året, slik at me kan gi Seefood og Tv2 signal. Dei er allereie godt i gang med planlegginga av tredje år.

Medlemsbidrag frå Visit Voss medlemmene til andre år av innspelinga: I finansieringsplanen for andre år, ligg det inne eit medlemsbidrag på lik line med det me fekk inn fyrste året.

**10-24: Orienteringssaker**

- Arbeid med transport og mobilitetsløysingar på Voss
- Mobility; digitalt vertskapskurs for tilsette i medlemsbedrifter